



Hægebostad kommune

Enhet for plan og drift

Generelle utleiereglar for bruk av skoleanlegga i Hægebostad kommune

1. Det er plan- og driftsetaten som står for utlån av skoleanlegga i kommunen.
2. Skoleanlegga skal først og fremst vera til bruk for skolen, men dei skal også tena til å utvikla kulturlivet og difor vera opne for arrangement av sportslig, religiøs, kulturell, politisk og sosial art.
3. Plan og driftsetaten skal samarbeida med enhetsleiarane ved den einskilde skolen om utlån.
4. Alle som låner skolen, må oppgje ein ansvarleg leiar som fører tilsyn med at gjeldande reglar blir følgde. Ansvarleg leiar må vera over 18 år. Andre gruppeleiarar bør og vera over 18 år. Brukaren er ansvarleg for dei skader det måtte bli på bygningar og inventar.
5. For redusere kommunens kostnader i samband med utlån til lag og foreningar i Hægebostad kommune må lånetakere sjølv sørge for reinhald etter bruk. Det vil bli gitt opplæring frå kommunens reinhaldspersonell i forhold til dette. Viss ikkje reinhaldet utføres tilfredsstillande vil leietaker i etterkant bli fakturert for ekstra reinhald etter gjeldane satsar for privat utleige.
6. Når det gjeld private lån av lokala, eller for organisasjonar frå andre kommunar, skal dei betala ei leige per rom etter takstar fastsette av kommunen. Lånarane må syta for opprydding og avtale reinhald av rom dei leiger. Alle lånarane må forlate romet i den stand de overtok det. Utleigar kan krevje godgjerjing for ekstra reinhald ved behov (reinhald utover den ordinær reinhaldsplanen).
7. Lånaren er ansvarleg for god orden både i og utanfor skolelokala. All bruk av tobakk, alkohol og andre rusmiddel er forbode på skolen sitt område.
8. Alle tilstellingar bør vera slutt kl. 24, inkl. opprydding. Utleie utover dette må avtalast særskild med utleigar.
9. Plan- og driftsetaten i samråd med enhetsleiarane ved skolen, kan gje nærare retningslinjer, laga utfyllande reglar for lån av til dømes sløydrom, skulekjøkken, gymnastikksal og symjehall, tolka utlansreglane, og dei kan også avgjera tvilstilfelle.
10. Dersom lånar ikkje følgjer desse reglane, kan han av plan- og driftsetaten bli nekta lån for kortare eller lengre tid. Ei slik avgjerd kan ankast.

Reglar for utlån av inventar mv.

- a Andre kommunale instansar kan, etter avtale, låna utstyr frå skolen.
- b Til lag og foreningar innan kommunen kan, etter avtale, dette lånast ut:
Bord, stolar, lydanlegg, store gryter.
- c Til private kan, etter avtale, dette lånast ut:
Bord og stolar.



Hægebostad kommune

Enhet for plan og drift

Administrative avgjerder som ikkje blir tekne inn i dei offentlige utlånsreglane:

- * Kommunal bruk, inklusiv skoleaktivitetar, har fortrinnsrett til bruk av skolen.
- * Ved kommunale arrangement, eller større enkeltarrangement, kan faste aktivitetar måtta vika plass.
- * Lån av rom til aktivitetar bør vera avtalt i god tid. For faste aktivitetar etter oppsett frist kvart halvår, større enkeltarrangement minst 14 dagar, og små -arrangement ned til eit par dagar.
- * Idrettshallane kan lånast ut i skoleferiar etter nærmere avtale / søknad.
- * Symjehallanen blir i utgangspunktet berre lånt ut dei dagane det ikkje medfører ekstra vask av symjehall og/eller garderober. Andre dager må evt. avtalast særskilt.
- * **Rom til utlån:**
 - Ved Kollemo skole er det fylgjande rom som kan brukast til utlån:
Symjehall med garderober, idrettshall med garderober, sløydsal, skolekjøkken, forstove, musikkrom og bibliotek. Datarom kan berre lånast ut til kursverksemd.
 - Ved Eiken skule er det fylgjande rom som kan brukast til utlån:
Symjehall med garderober, idrettshall med garderober, sløydsal, skolekjøkken, bibliotek og auditorium. Datarom kan berre lånast ut til kursverksemd.
- * Søknad om lån bør vera skriftleg.
- * Idrettshallane skal ikkje brukast etter arrangement med utesko før den er vasket



Hægebostad kommune

Enhet for plan og drift

Utleiereglar for idrettshallane

Til oppslag i garderober og kroppsøvingsrom.
Sjå også dei generelle utlånsreglane.

- Lånar er ansvarleg for forsvarleg bruk, rett bruk av utstyr, og at utstyr av ulikt slag blir sett på plass att etter bruk.
- Lånar må forlate romma i den stand han overtok de.
- Lånar skal etter bruk reingjere golv og garderobar/dusjar som er bruka
- Ved arrangement kor ein bruker utesko inne i hallane blir leietaker fakturert for reingjering utført av kommunalt reinhaldspersonell etter gjeldane prislister for privat utleige
- Tau skal ikkje knyttast!
- Skolen har ikkje ansvar for utstyr som skolen ikkje eig, heller ikkje for klede eller ting som blir gløymt.
- Det skal brukast **reine innesko med såler som ikkje sverter** av på golvet. Fotballsko skal takast av før ein går inn i garderoben.
- Leiar for treningsgruppe bør vera over 18 år, og sjølv vera til stades.
- Lånar må snarast melda skader til Plan og Drift.
- Aktivitetar som fører med seg skade for bygningen er ikkje tillatt.
- Ansvarleg leiar ser til at alle dører er låst, vindauger lukka og at det er forsvarleg rydda.
- Ved bruk av høgtalaranlegg, projektor, video, TV osv, må dette avtalast særskild med skolen. Lånar må sjølv setja det opp og klargjera desse før bruk, og rydde det på plass igjen etter bruk.
- Ved større arrangement er lånar særleg ansvarleg for at det ikkje blir sleppt inn fleire personar enn bygningen er godkjent for. Kollemo fleirbrukshall: 570 stk, Eiken fleirbrukshall: 650 stk. Rømmingsvegar må til ein kvar tid vera frie.
- Lånar er ansvarleg for å fylgja brannforskriftene som gjeld.
- Eventuell søknad om dispensasjon frå lånereglane må vera sendt i god tid.



Hægebostad kommune

Enhet for plan og drift

Utleigereglar for symjebassenga

Til oppslag i garderober og symjehall.
Sjå dei generelle utlånsreglane.

- Bassenga kan bare leigas vederlagsfritt de dagane bassenget har vore i bruk av skulane på dagtid. Ved bruk utenom desse dagane, samt i helgar, må det betalas leige i henhold til prisliste for privat utleige.
- Leietakar må sjølv gjennomføre oppfølgingsprøve av bassengvannet når bassenget er i bruk mer enn 3 timar etter siste prøve er tatt på dagtid (14.30) av vaktmester. Den som skal ta denne prøven må ha vært gjennom opplæring for slike vannprøvar.
- Leietaker må sjølv vaske områdene rundt bassenget, garderober og dusjer etter bruk, etter nærmere opplæring av kommunens reinholdspersonell.
- Badevakter må kunna dokumentera at dei har kurs i hjerte/lungeredning, gjenoppliving og livredning.
- Utleigar av skulebassenga skal godkjenne badevakter, og kan krevja dokumentasjon. Godkjenning bør vanlegvis ikkje vera eldre enn eitt år.
- Det skal leverast skriftleg liste over badevakter til utleigar.
- Det maksimale talet på badande samtidig i bassenget er 20 stk pr. time (pga bassengets renseanlegg)
- Badevakta skal vera til stades i bassengromet.
- Alle må dusja grundig før bruk av bassenget. Det blir også tilrådd grundig dusjing etter bruk av bassenget.
- Personar som har bandasjer, plasterlapper eller smittsame hudsjukdommar kan ikkje bruka bassenget.
- Spyting, urinering eller anna tilsøling er forbode.
- Utstyr som dykkarmasker og symjeføter er ikkje tillat utan å ha spesielt lov til det.
- **Stuping er ikkje tillat**
Det kan gjevast lov til stuping under instruksjon av startstup og særskilde prøvetakingar.
- Det er oppslått alarmplan inne i symjehallen.

Instruks for badevakt ved utlån av bassenget

- Badevakta skal sjå til at gjevne ordensreglar blir haldne. Personar som ikkje vil retta seg etter vaktas ordrar skal visast bort.
- Badevakta må ikkje gå frå bassengromet når det er folk i bassenget.
- Dersom det ser ut til at nokon er i fare skal badevakta straks gripa inn.
- Badevakta skal melda frå til utleigar (vakttelefon Plan og Drift: 38348360) om tekniske feil ved anlegget.

Utleiereglar for bruk av skoleanlegga i Hægebostad kommune
--

Godkjent i kommunestyret: 30.november 2017
--

ALARMPLAN

for symjebassenga i Hægebostad kommune

PROSEDYRE VED ULYKKER/DRUKNING:

1. Få den forulykka på land snarast og sett i gong gjenoppliving, om muleg med innblåsing allereie i vatnet. Er det mistanke om rygg/nakkeskader må ilandføring og opptaking skje svært varsamt.
2. Ring **113** – (Slå 0 først ved bruk av fasttelefonen i symjehallen)
3. Få på land andre badande. Om dei ikkje kan hjelpa til ved sjølve redningsaksjonen, skal dei visast til garderoben og bli der til ny beskjed blir gitt.
4. Send ein til å møta ambulansen/legen, og sørg for at den kortaste vegen til pasienten er tilgjengeleg.
5. Gjenopplivingsforsøk (HLR) **SKAL** fortsette heilt til redningspersonell kjem på plassen.
(Hugs rytmen: Start med 5 innblåsingar, 30 hjertekompresjonar (frekvens ca.100 kompr./minutt). Gå så over til 2 innblåsingar, 30 hjertekompresjonar.)
6. Leiinga ved skulen må varslast så snart som råd.
7. Politiet skal alltid varslast ved alvorlege ulykker.
8. Det skal skrivast rapport om ulykker.
9. Det skal vera oppslått alarmplan i symjehallen og i garderobane.



Hægebostad kommune

Enhet for plan og drift

Utleigereglar for skolekjøkken

- Sjå dei generelle utleigereglane for skolen.
- Følg oppslaga på kjøkkenet.
- Bruk av kjøkkenutstyret skal avtalast med skolen.
- Ved servering eller sal av mat ved opne tilstellingar, er lånar ansvarleg for eventuelle søknader og meldingar til Mattilsynet.
- Lånar er ansvarleg for opprydding og handtering av søppel.
- Leietaker må sørge for at rommet er reingjort etter bruk
- Det skal ikkje lånast ut utstyr til private frå skolekjøkken.